

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna laga ein interessant og seriøs podkast • Kunna bruka retorikk på ein god måte
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med veg, fart og tid. • Kunna rekna med ulike samansette måleeiningar • Utforska ulike formar for programmering
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Diskutera kva som er meint med omgrepet seksualitet • Diskutera kvifor det er viktig at ungdom kjenner sin eigen kropp og sine egne grenser • Gjera greie for korleis kjønnsorgana er bygde opp, og kva funksjon dei ulike delane har • Forklara kva som skjer i dei ulike stadia i menstruasjonssyklusen • Kjenna til nokre nettsider og andre kjelder med korrekt og god informasjon om tema som handlar om seksualitet
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva trussamfunn som finst rundt oss lokalt • Kunna seia kva nokre av desse held på med og kva dei bidreg med i lokalsamfunnet
Kunst og håndverk	<p>Todeling av klassen. Eine gruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunna designa og brodera eit bokmerke etter visse kriterie. <p>Andre gruppa: Kunna designa, bruke verktøy og laga ein dyrefigur i tre.</p>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Repetisjon av den grunnleggande grammatikken som er lært dette året • Utvida ordforrådet
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Repetisjon
Kroppsøving	<p>Symjing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utføra varierte symjetechnikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Praktisera innsats ved å bruka egne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre
Friluftsliv	Lære om førsthjelp og bli kjent i nærmiljøet.
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign

INFORMASJON TIL HEIMEN

Siste vekeplan for skuleåret! Følg med på vekeoversikten og årshjulet!

Det er ein del alternative dagar og vanlege skuledagar med fagleg læring og ulike opplegg dei neste dagane!

Jobbskugging

Som ein del av faget utdanningsval skal elevane på fredag 05. gjennomføra jobbskugging. Det er ikkje skule denne dagen. Lykke til på arbeidsplassane, me gler oss til å høyre korleis det gjekk!

Innovasjonscamp

Me får besøk av forskjellige bedrifter i dei neste vekene. Blant anna skal me få eit oppdrag av ein bedrift som elevane skal løyse. Det er eit opplegg som består av planlegging og gjennomføring. Det er juryering, og den beste løysinga blir heidra i femte time måndag 8.juni.

Økonomi og karriereval

Me er godt i gong med delen av utdanningsval som er økonomi og karriereval. Elevane har gjennomført to til tre økter. Dei skal i alt ha fem økter. Øktene handlar om å sjå kva utdanning, arbeidsval og personleg økonomi har å si for moglegheiter i framtida. Dei lærar blant anna å setje opp budsjett og sjå kva som skal til for å få ei utdanning som kan lede til det dei vil jobba som.

Besøk til Knudaheio og Time bygdemuseum

Torsdag og fredag skal klassane til gjennomføra siste del av Lokal identitet før ferien. To klassar dreg på torsdag 11.juni, og to klassar dreg på fredag 12.juni. Her skal dei få undervisning og omvisning på Knudaheio og Time bygdemuseum. Hugs god lunsj, for me skal ete der borte. Me tek buss til og frå.

Tinghaugløpet - "Løp for livet"

Kommunen arrangerer "Stafett for livet" lørdag 13. juni for første gong i Sandtangen, som skal vera ein stafett over 24 timar, der blant anna ordføraren skal springa. Stafetten er eit årleg arrangement som Kreftforeningen har. Kreftforeningen oppfordrar skulane til å arrangera ein stafett eller eit løp for å hedra, støtta og heia på dei som blir ramma av kreft i eige lokalmiljø.

Kvart år arrangerer me Tinghaugløpet som er eit løp frå Bryne kyrkje, opp til Tinghaug og tilbake igjen til kyrkja. I år skal dette vera 5.-6. time onsdag 10. juni. I år blir derfor Tinghaugløpet endra til "Løp for livet".

God sommarferie!

Helsing oss på 8.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
24	Spansk: Årsprøve, tysdag 9.5.

HEIMEARBEID VEKE 23	
Norsk	Les 3 X 15 minutt i boka di. Registrer sidetalet til læraren din i slutten av veka. Oppdater "Bøker eg har lese" på OneNote.
Matematikk	Sjå OneNote.
Spansk	Gjer oppgåve 1a s. 109 i arbeidsboka – rett bruk av verb, forståing av tekst. Les teksten etter du har fylt ut med verba. Prøv om du klarer å setja han om til norsk.
Tysk	Sjå onenote
Kroppspøving	Volleyball, fotball eller basistrening. Følg med på beskjed frå faglærar om det blir utegym eller innegym. Symjing 8A og 8C i veke 23 utgår pga jobbskygging på fredagen. Symjing 8B og 8D i veke 24.
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal lære om førstehjelp, ta med lada lpad.
Kantine	Møt i klasserommet

HEIMEARBEID VEKE 24	
Norsk	Les 3 X 15 minutt i boka di. Registrer sidetalet til læraren din i slutten av veka. Oppdater "Bøker eg har lese" på OneNote.
Matematikk	Sjå OneNote
Spansk	Øv til prøven som er på tysdag. Bruk minigrammatikken bak i boka, og det kan vera lurt å jobba med oppgåver fra arbeidsboka og på Aunivers. Vel oppgåver som handlar om det du veit du treng øving på. Aller viktigast er å få kontroll på bruk og bøying av verb + samsvarbøying. Det er og lurt å repetera klokka.
Tysk	Sjå onenote
Friluftsliv	Innovasjonscamp
Kantine	Innovasjonscamp